

**Barnas turlag og Steinparkopning.**

27.05.2017

**Søndag er det sesongopning i Steinparken i Rosendal. Der kan ein mellom anna høyra spennande historiar om dinosaurar og trilobittar, ja, kanskje også blekksprutar?**

**I samarbeid med Barnas turlag er det lagt opp til kjekke aktivitetar slik som skattejakt, natursti, balanseline, teikning, leike med båtar i bekken. Bålpannene er varme så ein kan ta med grillmat og drikke.**

**To av Noregs beste forteljarar, professor ved Universitetet i Oslo og fossilforskar Jørn Hurum og leiar av Naturfagsenteret, geolog Merethe Frøyland blir med.**

**Programmet er frå kl.12 og utover eit par timar.**

**tid**